**UNIVERSITETET I BERGEN**
Det matematisk-naturvitenskapelige fakultet

Arkivkode:

Saksnr.: 2015/2620

Fakultetsstyresak: **31**

Møte: 7. mai 2015

## INSTITUTTLEDER (KODE 1475) VED GEOFYSISK INSTITUTT – OPPNEVNING AV ARBEIDSGIVERMEDLEMMER TIL INNSTILLINGSUTVALG

Åremålsperioden for instituttleder ved Geofysisk institutt, Nils Gunnar Kvamstø, utløper 14. august 2015, og instituttlederstillingen (åremål for fire år fra 15. august) er lyst ut med søknadsfrist 25. mars 2015 (se vedlegg).

I reglene for fakultetsorganene[1], § 8, heter det blant annet følgende:

> *"Fakultetsstyret er tilsettingsmyndighet for instituttledere, faste vitenskapelige stillinger som førsteamanuenser og professorstillinger ved grunnenheter ved fakultetet.*
> *[…]*
> *Innstilling til instituttlederstillinger ved grunnenheter underlagt fakultetet foretas av et innstillingsutvalg med prodekanus som leder, og fire medlemmer. To av medlemmene skal representere arbeidsgiver, ett medlem tjenestemennene og ett medlem studentene. Ett av medlemmene som representerer arbeidsgiver, skal være utpekt av det aktuelle instituttrådet. Det oppnevnes personlige varamedlemmer for lederen og medlemmene."*

**Oppnevning av arbeidsgivermedlemmer til innstillingsutvalget**
Ifølge ovennevnte regler skal ett av de to medlemmene som representerer arbeidsgiver utpekes av instituttrådet ved gjeldende institutt.

Praksis ved fakultetet er at fakultetsstyret oppnevner det andre medlemmet, og det foreslås på denne bakgrunn at fakultetsstyret oppnevner følgende arbeidsgivermedlem og varamedlem til innstillingsutvalget:

- Margareth Hagen, dekan ved Det humanistiske fakultet
- *Vara*: Knut Helland, dekan ved Det samfunnsvitenskapelige fakultet

**FORSLAG TIL VEDTAK**
Fakultetsstyret vedtok å oppnevne følgende arbeidsgivermedlem og varamedlem til innstillingsutvalget som skal vurdere søkere til instituttlederstillingen ved Geofysisk institutt:

- Margareth Hagen, dekan ved Det humanistiske fakultet
- *Vara*: Knut Helland, dekan ved Det samfunnsvitenskapelige fakultet

30. april 2015/KRB

Elisabeth Müller Lysebo
fakultetsdirektør

Vedlegg 1 Kunngjøring av instituttlederstillingen

[1] http://regler.app.uib.no/regler/Del-1-Overordnede-rammer/1.3-Regler-for-styringsorganene/1.3.2-Fakultet/Regler-for-fakultetsorganene

# Universitetet i Bergen

## Det matematisk-naturvitenskapelige fakultet

UNIVERSITETET I BERGEN (UiB) er eit internasjonalt anerkjent forskingsuniversitet med over 14 000 studentar og vel 3500 tilsette ved seks fakultet og Universitetsmuseet. Universitetet er lokalisert midt i hjartet av Bergen. Det viktigaste bidraget universitetet gjev til samfunnet er framifrå grunnforsking og utdanning med ei stor fagleg breidd.

# Instituttleiar ved Geofysisk institutt - åremålsstilling

Ved Geofysisk institutt er det frå 15. august 2015 ledig ei åremålsstilling som instituttleiar for fire år.

**Om instituttet**
Geofysisk institutt er eitt av åtte institutt under Det matematisk-naturvitskaplege fakultet. Hovudoppgåver ved instituttet er utdanning og forsking innan klimadynamikk, meteorologi, fysisk og kjemisk oseanografi. Instituttet er også sentralt i Bjerknessenteret for klimaforsking, og bidreg til satsingar på marin forsking, globale problemstillingar og utviklingsrelatert forsking og utdanning, nordområdeforsking og forsking på fornybar energi. Nærare opplysningar om Geofysisk institutt kan ein finne på instituttet si heimeside: http://www.uib.no/gfi

**Om stillinga**
Instituttleiar har ansvar for den samla verksemda ved instituttet innanfor gjeldande rammer. Instituttleiar har eit overordna personalansvar, HMS-ansvar og resultatansvar for forsking, utdanning og formidling. Instituttleiar leiar instituttrådet, rapporterer til dekanen og inngår i fakultetet si leiargruppe.

Instituttleiar sine viktigaste oppgåver er å:

- Leie og utvikle verksemda ved instituttet i tråd med strategiane til instituttet, fakultetet og Universitetet i Bergen.
- Sørge for god fagleg leiing med vekt på kvalitet og god balanse mellom utdanning, forsking, formidling og innovasjon.
- Representere og posisjonere instituttet og bidra til internt og eksternt samarbeid.
- Bidra til utviklinga av fakultetet.
- Stimulere og legge til rette for at dei tilsette hentar inn ekstern forskingsfinansiering.
- Skape ein positiv organisasjonskultur og stimulere til eit produktivt og godt arbeidsmiljø.
- Legge til rette for at prosessar er basert på medverknad.
- Sørge for tenlege teknisk-administrative tenester og effektiv drift av verksemda.
- Sørge for at internkontroll og økonomistyring fungerer i samsvar med fastsette reglar og rutinar.

Vi søker ein instituttleiar som:

- Har gode leiareigenskapar, dokumenterte resultat frå forskingsleiing og god forståing for utdanningsleiing.
- Er ein internasjonalt anerkjent forskar med professorkompetanse innan eitt av fagområda ved instituttet.
- Har evne til å sette mål og arbeide strategisk for instituttet.

I tillegg vil det bli lagt vekt på:

- God forståing for utdanningsleiing og leiing av kunnskapsmedarbeidarar i ein kontekst med akademisk fridom.
- Ein motiverande og inkluderande leiarstil prega av samarbeid, medverknad og dialog.
- Gode kommunikasjonsevner og evne til å bygge nettverk og skape legitimitet og tillit internt og eksternt.
- Leiaråtferd som stimulerer til gode resultat og eit godt arbeidsmiljø blant tilsette og studentar.

**Vi kan tilby:**

- Eit godt og fagleg utfordrande internasjonalt arbeidsmiljø
- Løn etter avtale (stillinga er plassert i kode 1475)
- Medlemsskap i Statens pensjonskasse
- Stilling i ei inkluderande arbeidslivsverksemd (IA-verksemd)
- Gode velferdsordningar
- Det vert stilt ressursar til rådvelde for at instituttleiaren kan oppretthalde eigen forskingsaktivitet.

Om ekstern søkjar vert tilsett, vil vedkomande få tilbod om tilsetjing som professor i hans/hennar fagområde etter utløp av åremålet.

Utfyllande opplysningar om stillinga kan ein få ved å vende seg til dekan Helge K. Dahle, telefon +47 55 58 48 56 / e-post helge.dahle@uib.no eller fakultetsdirektør Elisabeth Müller Lysebo, telefon +47 55 58 81 98 / e-post Elisabeth.Lysebo@uib.no

Alle spørsmål blir handsama konfidensielt.

Den som vert tilsett, må rette seg etter dei retningslinene som til kvar tid gjeld for stillinga.

Ved utløpet av kvar åremålsperiode skal stillinga kunngjerast offentleg. Ingen kan tilsetjast samanhangande i same stillinga i meir enn tre åremålsperiodar.

Kvinner vert spesielt oppmoda om å søkje. Dersom fleire søkarar har tilnærma like kvalifikasjonar, gjeld reglane for moderat kjønnskvotering.

Den statlege arbeidsstyrken skal i størst mogleg grad spegle mangfaldet i befolkninga. Det er difor eit personalpolitisk mål å få ei balansert alders- og kjønnssamansetting og rekruttere personar med innvandrarbakgrunn. Personar med innvandrarbakgrunn og likeeins personar med nedsett funksjonsevne blir oppmoda om å søkje stillinga.

Opplysningar om søkjaren kan verte gjort offentlege sjølv om søkjaren har oppmoda om ikkje å verte ført på søkjarlista. Dersom oppmodinga ikkje vert teken til følgje, skal søkjaren varslast om det.

Send søknad, CV, attestar og vitnemål elektronisk ved å klikke på knappen merkt ”SØK STILLINGA” på denne sida.

**Søknadsfrist: 25. mars 2015**

Jobbnorge-ID: 111238, Søknadsfrist: 25.03.2015, Intern ID: 2015/2620